**Handlingsplan folkehelse Klepp kommune, 2022**

| ***Målområde*** | ***Tiltak*** | ***Ansvar*** | ***Kommunale midlar*** | ***Partnarskaps-midlar*** | ***Evaluering*** |
|---|---|---|---|---|---|
| Utjamne forskjellar og førebygga utanforskap | Prosjekt «Lesing i Kleppheimane» Skular, lærarar, foreldre, frivillige og biblioteket skal saman utvikla og iverksette tiltak og leggja til rette for auka tryggleik for foreldre til skulestartarar i Klepp. Fokusområde er engasjert lesing og bruk av tekst i leseopplæringa. Me vil sjå 25% auke i antal foreldre som kjenner seg trygge på korleis dei kan bidra til engasjement og motivasjon for bruk av tekst hos sine born. Me vil at dette i lag med andre tiltak i opplæringa skal bidra til auka leseevne på 5.steg. | Biblioteket<br><br>Plan- og strategigruppe for folkehelse | 50 000 kr | 50 000 kr | Prosjektet vil bli prosessevaluert, der me ser på deltaking, rapporterte effektar og om mål for gjennomføringsprosessen vart nådd. Me vil og ha ei resultat-evaluering av prosjektet der me ser på nådde kvantitative mål, som til dømes antal deltakande foreldre, ulik deltaking i ulike foreldregrupper eller skulekrinsar, registrering for tiltak som vart best likt eller mest brukt av målgruppa, og så vidare. |
| | Samarbeidsprosjektet "Gode levevaner i overgang frå barnehage til skule".<br><br>*Tilsette ved helsestasjonen skal utvikla digitale verktøy til bruk i barnehagane. Målgruppa for tiltaket er tilsette og foreldre i barnehagane i Klepp, og måla for tiltaket er å tilføra kunnskap og skapa medvit kring gode val knytt til matvarer, matlaging og matpakke.*<br><br>Tiltaket vert vidareført frå 2021. | Helsestasjon | 5 000 kr | 5 000 kr | Tiltaket vert evaluert gjennom ei kvalitativ evaluering kring brukartilfredse hos tilsette og foreldre i målgruppa, særleg med fokus på opplevd utbytte. |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Tiltaket «Basket-gutane» Ungdommar med innvandrarbakgrunn (primært gutar) har starta opp basket-lag. Frivilligsentralen har ordna treningstider i lokal idrettshall, men dei ynskjer midlar som skal nyttast til betre treningsforhold (sko, klede og ball – då dette er barn i vedvarande låginntektsfamiliar), samt symbolsk lønn til passande trenar før innpass i idrettslag eventuelt skjer. Foreldre deltek i dag aktivt i tiltaket, så dette er eit svært viktig tiltak for utjamning av forskjellar og deltaking i lokalsamfunn for minoritetsgrupper. | Frivilligsentral | 20 000 | 20 000 | Tiltaket vert resultatevaluert gjennom tal på brukarar. |
| | Frivilligsentralen gis støtte til eit gruppetilbod for innvandrarkvinner som i dag står utan tilbod om norskopplæring grunna alder. Det gis støtte til mellom anna utflukter, materiell, og mat/drikke til møter. | Frivilligsentral | 20 000 | 20 000 | Tiltaket vert resultatevaluert gjennom tal på turar/ekskursjonar. |
| Psykisk/fysisk helse | Tiltak «SPREK» Frivilligsentralen gis støtte til å re-etablere eit treningstilbod til som Klepp IL overtok i 2019. Tiltaket har ikkje vore i drift sidan grunna covid-19, men ein ynskjer no å prøve igjen. Midlane skal nyttast til lønn av fysioterapeut/trenar. | Frivilligsentral | 20 000 | 20 000 | Tiltaket vert resultatevaluert gjennom tal på deltakarar. |
| Kompetanse-heving | Kompetanseheving og kurs knytt til sjølvmordsførebygging. | | 5000 | 5000 | Tiltaka skal evaluerast som gjennomført/ikkje gjennomført. |
| **TOTAL** | | | **120 000 kr** | **120 000 kr** | |